

## Haustetidsvurderingar veke 37

Måndag 9. september vart det tatt haustetidsprøvar av Raud Aroma i Loen, Innvik og på Sandane.

**Raud Aroma er klar for hausting i tidlege felt no.** Seinare felt kan vente til utover veka mot helga.

Seine felt kan no byrje på hausting av Eden. Tidlege felt bør plukke ferdig resten denne veka.

Hugs at er dei best utvikla epla i hagane haustetidsprøvane er frå. Difor er det viktig at ein plukkar i fleire omgangar når haustinga startar og at ein berre plukkar epla som er hausteklare. Dette for å halde god og jamn kvalitet på frukta som vert sendt til mottaket og vidare ut i marknaden.



*Ei lita prøve av Eden frå Innvik viser at epla no er kome langt i utviklinga og ein bør i tidlege felt hauste resten av denne no utover veka.*

## Raud Aroma

Grunnfarge: C3

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 6-8 kg/cm<sup>2</sup>

Sukkerinnhald: Min. 11,2 %

Stiveinnhald: 4-6

Streif-index: 0,09-0,2

Dyrkar	K. O. Loen		O. R. Lyslo	G. A. Vereide
Stad	Loen		Innvik	Sandane
Prøve nr	1		2	3
Dato	02.08.24	09.09.24	09.09.24	09.09.24
Fruktvekt g	177,9	198,8	176,3	166
Grunnfarge	C1-C2	C2-C3	C2-C3	C2-C3
Fastleik	7,79	6,43	5,72	6,45
Sukker	11,73	13,28	11,48	12,13
Stive	2,95	4,2	4,06	3,52
Streif	0,2	0,11	0,12	0,15

Raud Aroma har utvikla seg mykje siste veka, dagar med finvêr og varme har gitt fin dekkfarge på frukta, og sukkerinnhaldet er høgt. Sorten er no klar for hausting i tidlege felt. Seine felt kan vente til utover veka over mot helga. Utifrå prøvene ligg Sandane litt etter dei andre, men er også innanfor optimaltala. Det er låg fastleik i frukta i år, så det bør haustast så fort frukta er klar og gjerne litt for tidleg enn for seint.

Det ser ut til at det er ein del eple som har hastemodna på treet, det ser ein på bileta nedanfor, stiveinnhaldet i nokon eple har blitt broten nesten heilt ned. Dette kan kome av ulike årsaker; frå skader og sjukdomar til klima. Det ser ut til å vere litt meir av dette enn vanleg, noko som tilseier at trea har vore litt stressa i det siste. Frukta kan difor generelt modne fortare enn ein har tenkt. Det er difor viktig at ein følgjer godt med i eigne hagar før hausting.



*Frukta har fått fin og utvikla dekkfarge som dekkjer store deler av frukta. Frå prøve 1, Loen.*



**Prøve 1, Loen.** Stiveinnhaldet er no innanfor optimaltala, nokre eple har kome langt grunna hastemodning frå ukjent årsak.



**Prøve 2, Innvik.** Her er eit par eple med heilt nedbroten stive grunna hastemodning. Resten ligg på stiveinnhald 3-5.



**Prøve 3, Sandane,** har ingen hastemodna eple og ser meir jamn ut. Denne er og innanfor på stive, men litt etter dei to andre prøvene